i u-lag

Organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag 01/05

Restefest

Konsert

Pelit aften

Godt nytt år adle mann!

Formannshilsen

Av: Marianne Ildstad

Då e me, i følge vår årsrekning, i år 2005 itte Kristus. Tiå går. Et nytt år e allti spennande, nyttårsaftå har allti et visst preg av håp og lengsel, sitt frå mi sia. D e då di fleste tenke at: i år ska eg få gjort møje bra, i år håpe eg at d vil skje meg møje godt, i år ska eg gjer d og d bedre, i år ska eg bli flinkare t… Ja listå kan fort bli långe den.

Sjøl så har eg allti håp, men lage meg aldri nyttårs forsett. Sånne løfter blir fort gløymt når kvardagen venne tebars. Då e d bedre å nytta dagen som an kjeme og ta et skritt om gongen. Et av dei store håpa mine, e at me i ungdomslaget ska klara å nå ut te fleire, og at arrangementå våre ska bli te fornøyelse, glede og inspirasjon te dei som kjeme, og viktigast av alt at dei får møta vår goe Far! D e skummelt å tenka på kor lite så ska te for at ein person vende seg vekk frå Gud, viss skepsisen og verden ligge personen nærmast. Mens d ska møje te for å få ein person t Kristus. Alt detta på gronn av den vonde som gjer alt for å dra oss vekk frå Gud. Når sånne tankar dukke opp hjå meg, så e d så utrulig godt å veta at Gud vil ha ALLE hjå seg, at Han elske adle lika møje, og at der e kraft i de foldede hender! Gud kan gjer underverker og Han gir oss inspirasjon, kraft, styrke og dei rette ordå slik at me e rusta t kamp, så lenge som me holde oss te Han og legge alt i hans hender. Å lika godt e d å veta at Gud e den sterkaste!

Tebars te nyttårsfesten. Eg har lovt blant aent Tor Øyvind at der ska bli ein saftige rapport frå nyttårsfesten som me i fjor arrangerte i Fleirbrukshallen, å d ska eg holda. For store deler av aviså tar føre seg nettopp denna saken, og eg må såklart få skriva någen bokstavar og ord om denna spennande festen som har krevd mången långe tenke-netter for meg dei siste månane. Alt måtte tenkast på og alt måtte klaffa. Utfordringen va store.

Me vågte å ta d stora skritte frå vår faste plass på fredelige Utsyn, te den store og litt ukoselige Hallen i sentrum av Finnøy, me hjerta i halsen og månge tankar surrane rondt i toppen. Å nyttår blei d. Å godt gjekk d! Å rydda blei der ittepå. Å d gjekk fort! Rekord tid: 2,5 time! På utsyn bruke me minst 5 timar…et kort referat i grove trekk vil ver: Røykt svinakam blei kokt på Rygjabø og frakta ner i all hast, lovsong fekk me, pynta og fine bord sått me rondt (enkelte kommenterte at me åt på plast tallerknar og me plast bestikk, te dei seie eg bare: ai ai! Tallerknane va geniale dei, fine va di og, og me slapp møje bry me å ha di!), Guds ord blei formidla, lovsongsdans blei framført, å underholdning og kyrkje besøk: så klart hadde me d! Å rakettane blei sendt opp uten uhell! Å vakter hadde me, så me slapp trøbbel og problem.

Alt i alt va d ein vellykka kvell, men i år bler d goe gamle Utsyn igjen! For mat bler der kje uten Rygjabø, og Rygjabø får me kje uten meg, og ka eg ska gjer, nei d vett kje eg… D e jo tross alt 12 månar t! SÅ långt planlegge te og me kje eg… Nå gjelde d bare for meg å sei:

Takk for oss, te Hallen og takk for samarbeidet! Å kje minst: Tusen takk te Rygjabø for lån av kjøkken te ein meget rimelige pris, samt alt utstyr og goe service!!

E fornødde eg!

Alle monner drar

Alle monner drar. Og adle e me deler av Kristi legeme. Kan eg, kan du!

Hmm.. Ka kan d ver jentå tenke på nå??? Hausten så klart! I august e d igjen klart for å bytta ut styrene. Og igjen står me framføre ein store utfordring me å finna nye folk te dei plassene som må fyllast opp. Å eg seie bare: kan eg, kan du! Så e du interessert i å gjer ein innsats for ungdomslaget vårt, så e du hjerteligt velkommen te d, for uten folk som vil gjer någe- intet ungdomslaget…å d e trist! D kan me kje utsetta oss for, kan me vell? Utfordringen e gitt…

"Formannsstillingen" vil stå tom, d vil mest sannsynlig Stikk Innom leiar setet og. Å i styrå vil hulrom dukka opp når hausten tar te… Viss ingen tar utfordringen… Om du kjenne på at detta e någe du kan tenka deg, så ver gjille å snakk me ein av oss i hovudstyret, å om du har spørsmål så e d fullt låv å spør så møje du vil!

Adle kan gjer någe og adle har evner som kan komma te gode! Så kje tenk at du kje kan, for klart du kan!

Dessverre for någen, har me måtta setta aldersgrensså for å ver me i styrene t 10. klasse… Men om du kan tenka deg å ver plakatskrivar, ja då e d d sama ka klassetrinn du går i☺ E d kje gjildt?

Å forresten: sommar komite trengs og! For i sommar som adle andre somrar før, så ska me ha sommar kafe og opplegg på lordagane. D e gjildt d! Sommar e godt, sommar e kjekt og sommar e toppen! Spesielt kjekt e d om DU vil ver me å arrangera "menyen" for sommaren 2005! For å få ein alle tiders sommar trengs d 5-6 menn og kvinner. Å her e d d sama ka klasse du går i. Gjildt! Så heng deg på, ta utfordringen for: Du angre kje!

I u-lage er organ for Finnøy Kristelege Ungdomslag. Redaktør: Formann Marianne Ildstad. Layout: Henning Ildstad. Redaksjonsmedlemmer: Hovedstyret 2004-2005.
Og berre så det er sagt: Me arbeidar IKKJE etter vær varsom-plakaten, og bryr oss slett ikkje om kva PFU har å seia om avisa vår. Følar du deg urettvist behandla nyttar det altså ikkje å klage oss inn for noko som helst. Skriv gjerne til oss på epost: **iulage@start.no**. Kontonummeret vårt er: **0530 43 21808**

Gud er med oss!

Andakt

Av: Håvard Mjølsnes Helle

No var det min tur til å bidra med nokre ord. For tida jobbar eg på Bryneheimen og litt på SUS. Eg trivest svært godt og lærer mykje om meg sjølv. Spesielt mykje om det som gjelder trua på Gud. Dei gamle har mykje å gi meg, og fortel ofte om hendingar om livet med Gud. Dei fleste har gudstrua. Eg tykjer det er flott at når eit menneske er sjukt og treng mykje hjelp kan søkja trøyst hjå Gud, og ikkje minst at ein sjølv då beheld gudstrua.

For omlag eit halvt års tid sidan fekk eg sjølv diagnosen "hofteleddsdysplasi" det går ut på at hofta ikkje er ferdigutvikla når du vert født. Etter mange å med verk vart eg endeleg høyrt på, men då var hofta noko sleten og no er det naudsynt med ein operasjon. I slike situasjonar er det spesielt godt å ha ein Gud ein kan venda seg til. Han har støa meg i denne perioden og gitt meg trøyst og hjelp.

Andre juledag vart menneskeheita råka av ein ufatteleg katastrofe som skulle visa seg at 225.000 menneske brutalt skulle mista livet i. Eg sjølv og sikker mange andre har svære vanskar med å forstå kvifor dette skulle skje.

Etter katastrofen har prestar og biskopar gjort ein iherdig og dugande jobb med å prøva og trøysta oss. Men enno har dei ikkje klart og fortelja oss kvar Gud var denne andre juledag 2004. Nokre meinar at dommedag er nær og att dette skulle vere ei straff i frå Gud for all vold og elendighet som er i verda.

Onkel til ei særs god venninde av meg kom med dette utsagnet:" Kvifor skulle Gud straffe menneske? Kan dette vere tilfelle? Tenk på alle dei borna som vart råka og drepne. Skulle Gud drepa dei for noka oss vaksne er skyld i, nei det er det ingen meining i!"

I slike tragiske situasjonar får eg trøyst i Jesajas 41.10.
"Ver ikkje redd
for eg er med deg!
Sjå deg ikkje rådvill ikring,
for eg er din Gud!
Eg styrkjer deg og hjelper deg
og held deg oppe
med mi frelsar hand!"

Gud er med oss uansett kva som skjer. det er som det står i skrifta.
Eg sjølv prøver å tenkja på dei omkomne at dei no sit hjå Gud i all herlighet som han har lova oss.

Eg vil avslutta med ein kjær Salme "Jeg er i Herrens hender". Me er i Herrens hender uansett kva som med oss skjer, han hjelper oss på veg til himmelen.

Sangen er skriven av Erling Tobiassen i 1932. Han var prest og levde frå 1893 - 1982.

Jeg er i Herrens hender Når dagen gryr i øst. Hver morgen han meg sender sitt ord med lys og trøst. Hva dagen meg vil bringe Av glede og av savn, Jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn.

Jeg er i Herrens hender I alt som med meg skjer. I smil og gråt jeg kjenner At Herren er meg nær. Om jeg i dype daler Må gå den tunge vei, Fra himlens høye saler Hans øye følger meg.

Jeg er i Herrens hender Når dagen dør i vest. Min synd jeg stil bekjenner For ham, min høye gjest. Han gir meg himlens nåde Og setter engle vakt, For natten han vil råde Med hellig guddomsmakt.

Jeg er i Herrens hender Når dødens bud meg når. Mens lyset stilt nedbrenner, Fra ham jeg hilsen får. Han gir meg stav i hånde, han gir meg trøst i sinn, Og glemt er ve og vånde På vei til himlen inn.

Gud velsigna dykk alle

Blott en dag

Av: Lina Sandell

Blott en dag, ett ögonblick i sänder,
Vilken tröst evad som kommer på!
Allt ju vilar i min Faders händer,
Skulle jag, som barn, väl ängslas då?
Han som bär för mig en moders hjärta,
O han giver ju åt varje dag
Hult dess lilla del av fröjd och smärta,
Så av möda som behag

Själv han är mig alla dagar nära,
För var särskild tid med särskild nåd.
Varje dags bekymamer vill han bära-
Han som heter både Kraft och Råd.
Att sin dyra egendom bevara,
Denna omsorg har han lagt på sig.
Som din dag, så skall din kraft och vara.
Dette löfte gav han mig

Hjälp mig då att vila trygg och stilla
Blott vid dina löften, Herre kär,
Och ej trones dyra tröst förspilla,
Som i ordet mig förvarad är-
Hjälp mig, Herre, att vad heslt mig händer,
Taga av din trogna fadershand
Blott en dag, ett ögonblick i sänder,
Tills jag nått det goda land

Nyttåsfest

31. desember

Av: Oddvar Vignes

At eg må skriva ett referat fra ein fest eg va ganske delaktige på e vell strengt tatt isje de luraste siden eg e utruligt inhabil, men trekk fra 50 prosent, så e de sånn ca rektigt.



Nyttår i år va for fysste gong på så lenge eg kan huska isje på Utsyn. Fleirbrukshallen blei delt inn i tri, å de funka for så vidt greit. Kvelden blei på ein særdeles strukturert måte leda av Oddvar Vignes. Itte ei sjarmerande åpning av Lars Vagnen og Øystein Bergøy, va de tid for de åndeliga. Mens tidligare nyttår har konsentrert seg mest om underholdningen, skilte årets fest seg du me å ha ein meget bra åndelig del. Vitnesbyrd og sang va meget bra.

Maten va som alltid bra, Marianne Ildstad stod for ei sinnsyg koking, mens 110 andre konsentrerte seg meir om spisingen. Te dessert hadde ein fått inn underholdning fra Fogn. Underholdningen bestod i eit 20 min lang musikkstykke me same sangen, for nogen enormt moro, for andre eit sant mareritt. Fogn hadde og ein meget bra damenes tale, mens herrenes me Gøril og Kristi fra Finnøy va nok hakket meir vassen.



Rakettoppskytinga va jo som vanlig ein skandale sjøl om me hadde hyra inn folk som eg e livredd for. Arne Madland stod i spissen, men kjempa ein fåfengt kamp mot Coop Judaberg sine svære dråg av nogen rakettar. Men, men, Kjetil Sevheim blir vel snart voksen han og.

Itte nyttår blei de underholdning. I bresjen stod Lars, Oddvar og Øystein. De bør dei gjerna isje gjør nest år. Øystein sin flyvertinne skjets vil gå inn i historien som ein legendarisk grusom sketsj, at han ville spilla den to gonger gjorde isje sakene bedre. Ett gledelig innslag va ein sketsj av Joar Vignes med fleire. Ei tysk dame som spratt opp på scenen itte å ha høyrt "in munchen steth ein hoffbarhaus" va og eit festligt innslag. Om hu egentligt visste ka så skjedde e opp te andre å dømma..

Kvelden va ferdig i to tida, og de va heilt passelig. Avsluttningen va som alltid bønnestund, noge som blei ettertrykkelig presisert av Oddvar fra scenen.

Alt i alt, ein kjekke kveld, men neste år må de ble på Utsyn, viktig å støtta sambandetet og kjenna den kjekke angsten for å ha gåttt øve streken me ein skjets i sambandets ferieparadis.

Kjærlighet fra 4 etasje, Oddvar Vignes





Restefest

08. januar

Av: Maria Flesjå

Så va d klart for Restefest på Lauvsnes bedehus! Dørene åpna hall 9 å når me bjunnte klåkkå 9 va der minst 50stk så va komt!

Kvelden åpna me åndelige del, å ein super andakt av Kristian Olav Sevheim. Tusen takk ska du ha! Åssåfekk me nydelige sang av Guri Vignes. Takk t deg åg! Der va någen fellessangar, me litt slappe synging i salen, men der blei sang så gjekk rett opp t Gud!

Itte den åndelige delen, blei der servert mad. Gryterett me svinakjøttet ifra nyttår, va d så sto på menyen. Itte litt krøll på kjøkkenet, blei alle goe å mette!

Småkaker å frukt blei satt på bordå mens Lars Vangen å Kjell Morten hadde underhåldning. D blei vist ein morsomme sketsj av di, å d blei åg vist ein halvårskavalkade-film! Trur d va mange så måtte le litt av seg sjøl når di såg den filmen, ja! D blei vertfall møje latter i salen! Skikkelig bra film!

Itte underhåldningå blei der litt drøs mens någen av oss måtte t me å vaska. D gjekk fort, me masse hjelp ifra andre. Gudd!!

Me hadde nok ein kjekke kvell på Lauvsnes!

Kommande arrangement

12.februar: Lovsongskveld i kyrkja
Navnet seie seg nok sjølv: masse flott lovsong te ære for Gud!

19.februar: Ungdomsmøte
m/ Håvard Østhus. Tema: disippelgjering. Flott lovsong m/ eget husband, lovsongsdans, song innslag, forbønn og salg av mat. Detta BØR du få me deg!

26.februar: Bakvendt kveld
Kvelden der alt bler gjort bakvendt! Spenning i sjå og vent

04.-06.mars: Stavtjørn weekend
Et av årets høydepunkt, spesielt for deg som e gla i å stå i bakken! Utenom d MÅ detta nevnas: flotte samlingar i lag med Knut Reier Indrebø - redaktør for Ungdom og Tiden, lovsong, goe mat, underholdning, leker, muligens lite søvn men heldigvis e der egne rom juhu, spel, korssamling og møje meir! Meld deg på te Liv Elise: **984 40 875** innen 28 feb.!

Konsert

15. januar

Av: Marianne Ildstad

Då musikken stilna av tenkte underskrivne med seg sjølv at "her konne eg såte å lytta i timavis." Å sjå dei to talentfulle guttane, la meg sei mennene for å ver på den sikraste siå, pakka samen lyd utstyret og rusla ner frå scenen, gjore mitt unga hjerta litt vondt. For: du verden så flotte kvell d hadde vore!!

Musikken som spredde seg ut blant den store folkemengden va fortryllande vakker frå fusste tone te siste gitar grep! Ja, Kjetil og Anders hadde klart d igjen. At dessa to karane har store talent kan ingen sei i mot. I løpe av deiras tid på scenen produserte dei fabelaktige tonar som fekk frysningar te å gå kaldt nerøve kvar ein rygg, og deiras enorme songstemmar gjore denna kvellen komplett! Songane dei framførte va flotte kristne songar, som blei ekstra bra når Kjetil mjudlå kvar song forklarte innholdet og fortalte ut i frå sitt liv som kristen .

Men kje bare musikalske tonar gjore denna suksessfulle kvellen te d an blei, Dorrit og Kristoffer bidrog og på sitt besta, te adles store glede. Deira oppgava for kvellen va den åndelige delen, ja dessa to hoppte i d og holdt ein knagande goe andakt for oss, på ein levande, interessante og tankevekkande måte, der Gud va i sentrum og goe ord blei delte ut! Å lovsongen som dei leda oss inn i førte te at eg blei lide granna bekymra for at taket sko lyfta seg, for her va d mången som æra Gud gjønå lovsong!

Alt detta kjekka fekk omkring 50 ungdommar me seg denna strålande januar kvellen på Lauvsnes. Ein dundrane gjille kvell!

Pelit* Aften

29. januar



Av: Kjell Morten Eggebø

PELIT AFTEN - kvelden med Air-hockey og PlayStation 2 turneringar.

Mange av dykk har kanskje allereie sidan i haust fundert på om det ikkje snart skulle arrangerast ei ærefull turnering på den nye air hockey maskina. For det er jo ei skam at det tok så lang tid å få dette på programmet. MEN, det som synte seg var at det faktisk heller var for tidleg for eit slikt arrangement. Dette fordi at det synte seg at flaks skulle visa seg å vera viktigare enn eit klart og snartenkt hovud. Dette kan ein slå fast sidan unge Sivertsen sjokkerande nok gjekk av med sigeren og underskrivne rauk ut i semifinalen mot nettopp denne.

Men når det gjeld PlayStation-turneringa så må eg få kalle den for ei oppleving. For Burnout 3 på storskjerm er, for å bruke eit hypermodernistisk uttrykk; dridkult. Burnout er kort fortalt eit bilspel der det gjeld å kjøre flotte raske bilar og krasje motstandarane. Bare tanken på kombinasjonen bilkrasj og storskjerm får ein til å føle spenninga.

Etter mange harde kampar var alle slått ut utanom Endre Flesjå og Jakob Steinnes. Og i finalen viste ungfolen Jakob kven som var sjefen og seira lett.

Midt i all spelinga så var det tid for andaktsdelen, og Margunn Tungland fekk ordet. Ho var litt skeptisk til korleis ho skulle klare å halde same standarden som desse nymotens maskinane, men det må eg få understreke at ho ikkje hadde grunn til. Faktisk så vart dette høgdepunktet for min del. Ho snakka mellom anna kor godt og trygt det er å vera kristen, og las ein del flotte bibelvers for oss. Mellom anna i frå Salme 37,5: Sett din veg i herrens hand, stol på han så skal han gripa inn.

Så alt i alt vart det ein kjekk kveld med både "sportslege" og åndelege oppturar, og at oppmøtet var heller labert grunna Impuls og bursdagar så hadde me det jysla kjekt me så va der!

Unge Eggebø

* Pelit betyr spel på Soumi

Kopiert hjå:
BYGGMAKKER Ladstein Fordi det lønner seg! NORBOHUS Ladstein Bygg as Tenk nytt - Bygg i Finnøy!